

Kan me redde reinen på Hardangervidda?

Me veit kor bekymra samane er for reinsdyra sine, og dei er tamme. Det må takast grep skal me klara å bevare villreinen på Hardangervidda. Forvaltninga har problem med å forstå at dette er ville dyr. Dersom ordførarane rundt Hardangervidda har same syn på forvaltninga som ordføraren i Ullensvang, vil det vere veldig utfordrande å få til betre forhold for reinen. Ordførar Haug i Ullensvang konkluderte i eit brev til Klima- og Miljødepartementet i fjor med at «me må bevare den kompetansen som dei lokale tilsynsutvala har». Er kompetansen så stor når me kjenner til kondisjonen på reinen? Kalvane vog berre 11,4 kg i fjor haust. Villreinnemnda foreslo stenging av DNT-hytter, samt stopp av snøskuterkjøring etter påske i år. Dette gjekk tilsynsutvalet i Vestland imot. Lokalkunnskapen om hardt pressa rein vil eg seie er liten. Allemannsretten er noko som burde fjernast i nasjonalparken.

I 2014 var stamma ca. 11000 dyr. Hausten 2022 var den på 4500 dyr. Då SNO fotograferte og talde reinsstamma 20.03.2023, var stamma 3450 dyr. Sjølvdauinga er altså svært stor. Det er nok rett å ha ei mindre stamme no som det er funne CWD i reinen på Hardangervidda. Når det gjeld CWD, skal me ikkje sjå vekk frå gevirgnaging. Kannibalisme har framkalla prionsjukdom hos andre dyreartar. Me nærmar oss ei faretruande lita stamma.

Det er ein unik moglegheit til å få eit større samanhengande villreinområde med lang tunnel over Haukelifjell, E134. DNT-hytta Haukelisæter må flyttast austover omlag 15 km til Vågslid-området. Nordsida av E134 over fjellet er særst viktig for Setesdalsreinen frå omlag januar til september/oktober. Eg hadde eit NINA-prosjekt frå hausten 2019 t.o.m våren 2021 for å kartlegga all ferdsel. Haukelifjell har blitt svært populært for dei som går på toppurar. Frå Prestegårdtunnelen til Svandalstunnelen, ei strekning på omlag 20 km, talde eg 570 bilar i påsken 2021. Det vert stadig bygd meir hytter. Haukelifjell er snart ikkje eit villreinområde lenger.

DNT-hytta Haukelisæter genererer mykje trafikk til Nupsegga og Sandfloegga, som er dei høgaste områda på Hardangervidda, og følgeleg mykje snøfenner som er svært viktig om sommaren. I lågare lende rundt er det kalkholdig grunn og dermed gode beiter.

DNT-stien, som går frå Haukelisæter til Hellevass og vidare nordover, skjærer av dette viktige området.

NINA-rapporten 1903 som omhandlar ferdsel, kjem med klare forslag. Forslag til tiltak må takast alvorleg. DNT-hyttene Hellevassbu, Litlos, Tyssevassbu, Torehytta og Hadlaskard må stengast. Området som ligg innanfor Haukelisæter, Hellevassbu, Litlos, Valldalen (Middalsbu) og heilt vest til E134 og aust igjen til Haukelisæter, er 300 kvadratkilometer stort og er eit perfekt fokusområde. Dette må inn som fokusområde. Definisjonen på eit fokusområde er eit avgrensa område innanfor villreinområdet som har spesielle forvaltningsmessige utfordringar og der forvaltninga kan arbeida konkret og målbevisst med å finna løysningar.

Padlinga på Kvenna er òg ein barriere for reinen, der passerer fleire kanoar kvar dag og lyden av folk som pratar ber langt på eit vatn. Det vert mange teltovernattingar i løpet av ein sommar. Gondol-prosjektet i Odda vil generera mykje folk innover på vidda, samt teltovernatting i nærområdet. I desse tider, då me er i ferd med og miste reinen, må dette for all del ikkje bli noko av.

Jan Øvregård, Per Jan Sandven, Nils Ove Hauge, Reidar Hauge.

Fra: Jan Øvregård
Sendt: 30. september 2023 21:55
Til: Postmottak KLD
Emne: Fw: Villreinen
Vedlegg: Villreinen.docx; image000000(1).jpg; image000001(1).jpg

Legg ved eit brev frå Røldal Fjellstyre datert 1980 som viser kva utfordringar ferdsel har.

Det Kongelige Miljøverndepartement,
Postboks 8013,
Dep., Oslo 1.

Deres ref.316/80 N Stk/kb

Røldal Fjellstyre i Odda Kommune, har fatta samreystes vedtak, om fråsegn til vernereglar for Hardangervidda Nasjonalpark, jfr punkt 3.2.

Tilsynsutval.

Etter framlegget kan fjellstyret i ein kommune nemnst opp som tilsynsutval.

Men for Odda kommune sitt vedkomande er det 2 fjellstyre, 1 for gamle Odda kommune og 1 for gamle Røldal kommune.

I tillegg hev Odda eit fellesstyre, utgjenge av fjellstyre i Odda og Ullensvang..

Kommunane Odda og Ullensvang er vistnok samde om at fellesstyre skal vera tilsynsutval for begge kommunane, for den delen av Nasjonalparken som utgjer Ullensvang Statsalmening. Det som er utanom, skal dei respektive fjellstyra vera tilsynsutval for. Skal dette vera rettvist, må Røldal Fjellstyre verta oppnemnt som tilsynsutval for den delen av Røldal statsalmening som kjem,, inn under Nasjonalparken, og som ligg i Odda kommune. Og dette er største delen av det som Odda kommune før innanfor Nasjonalparkområdet.

Røldal Fjellstyre vil setja fram krav om at dei vert tekne omsyn til då det skal oppnemnst tilsynsutval for Odda kommune.

Ang. pkt. 4.7.

Vanlig fotturisme.

Når det gjeld forbed mot motorferdsle er det gjort for å sikra ro og fred i Nasjonalparken.

Røldal Fjellstyre er heilt samd i dette, og hadde gjort ymse tiltak for regulering av motorferdsle i statsalmeningen, lenge før loven kom. Og fjellstyre har også no med heimel i lova stengt all motorisert ferdsle frå 1. mai til 1 juli. Dette for at villreinen skal ha fred ei tid både før og etter kalving. Men vanlig ferdsle på ski eller til fots, er tillate utan vilkår.

Røldal Fjellstyre vil sterkt rå til at all ferdsle ber vera forbode i tida fra 1.mai til 1.juli.

Røldal fjellstyre sitt område er seleg utsett på grunn av D.N.T. si turisthytte Hellevassbu. Denne hytta, som er ei sjølvbetjeningshytte, vart bygd opp i midten av 60 åra, utan at Røldal fjellstyre fekk gi sin uttale om plasering av hytta. Den ligg svært strategisk til for skituristar og andre, av di det er berre 4-5 timars mars frå Haukelisæter. Den hev stor trafikk, og denne trafikken skjer av fleire av dei eldgamle trekkrutene til villreinen, og er soleis til stor skade for villreinområdet i Røldal statsalmening. Men størst skade hev trafikk her om våren, før og etter kalving.

Røldal fjellstyre såg helst at Hellevassbu vart flytt, til dømes til Middalsbu eller Vivassdalen, og at D.N.T. tok opp igjen den gamle ruta frå Haukelisæter over Nupsret til Valdalen og Litlos.

Røldal, den 15. august 1980.

for Røldal fjellstyre

R. Saltvold

form.

